



STATSRAAD LEHMKUHL har alt vore på sin fyrste seglas gjennom Storsund i år. Det var i samband med turen Ski & Sail.

**Medrekna dagen i dag har det alt vore tre cruisebåtanløp i Rosendal. MS MIDNATTSOL med 500 passarsjerar kom frå Lysefjorden i går til Kvinnherad i dag og har avgang kl. 18. Det er uvisst om hurtigruteskipet, som no går i cruisetrafikken, legg turen gjennom Storsund. STATSRAAD LEHMKUHL har vore på sin fyrste seglas til Rosendal. Den stolte seglskuta går alltid Storsund.**

Det er totalt meldt inn 19 cruiseskip til Rosendal denne sesongen. Opninga var 14. april med SAGA SAPPHIRE med over 1100 gjester. Neste skip var MV ASTORIA, tidlegare STOCKHOLM, bygd på Gøtaverken i 1948 og kjend frå kollisjonen med den italienske ANDREA DORIA i 1956 der 51 menneske omkom. ASTORIA er ombygd fleire gonger etter denne hendinga.

I mai månad kjem det ingen turistskip, men frå 1. juni og fram til 25. september er det tilsaman 16 anløp. I tillegg kjem seglbåtane og eldre skuter i samband med Skutetreffet 23. - 25. august.

The Tall Ships Races 2019 har i tida 19. og 20. juli lagt inn Rosendal som stopp på seglasen frå Fredrikstad til Bergen. Det er ein venskapsetappe der STATSRAAD LEHMKUHL mellom anna inviterer ungdom over 15 år til å vera mannskap. Det er uvisst kor mange av skutene som legg inn Kvinnherad i seglingsplanen.

Storsund vert brukt av mange turistskip, særleg på turen frå Eidfjord mot Stavanger eller Bergen. Fred Olsen sine skip er flittige gjester forbi Uskedalen på ettermiddagane og kveldane.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs/Hans Ordin Østebø



Fred Olsen med sine cruisebåtar er ofte å sjå i Storsund.